

FITJAR KOMMUNE	
Saksnr	2022/155
21 MAR 2022	
Journalnr:	
Saksh:	A:

Fitjar kommune
Plan- og utvikling
Boks 83
5418 Fitjar

Merknad til reguleringsplan sentrum.

I tillegg til tidlegare merknader så har me fylgjande merknader til 2. gangs utlysing.

Generelt.

Larsen Eigedom AS har alltid vore interessert å styrka tilbodet i sentrum. Dette har me hatt som overordna mål i all vår planlegging og utvikling. Me ser at desse måla også er målsetjinga i ny reguleringsplan. Me har på vår eigedom tilrettelagt for eit ope, eit tilgjengeleg, eit sentrum som er rigga for festivalar og andre storhendingar, dette er faktorar som planen må ivareta og vidareutvikla både når det gjeld areal og tiltak i kjernen av Fitjar sentrum. Det er derfor for å styrka sentrum og gjera Fitjar sentrum betre og betra tilgjenge for alle typar trafikk me kjem med desse innspela, dette gjeld både bil, båt, sykkel og gåande.

Veg SV6.

Denne delen av sentrum er eit vesentleg element for å oppretthalda eit ope tilgjengeleg sentrum, me meiner at arealet framleis skal nyttast til dagens kombinerte føremål, veg, parkering og fortau.

Sikringssone på 40 meter frå drivstoffpumper § 3-11.

Kva betyr dette?

Det må vera tillat med parkering på same måte som i dag og med same avstand til pumpene. Det vil i praksis ikkje lata seg gjere å ha ein frisone på 40 meter.

Framtidig molo.

Me meiner det er svært viktig for Fitjar at det er eit godt og tenleg hamneanlegg som kan nyttast trygt i det været som ofte er i Fitjar. Dette vil vera med å gjera Fitjar attraktivt for turistar og andre som kjem sjøvegen.

Me meiner det er feil på noverande stadium å plassere framtidig molo. Dette må sjåast i samband med det som kjem fram ovanfor. Ein føresetnad for å få dette til er at det vert tilgang til gratis eller rimelege steinmassar. Ein ser og at det her kan verta tilbod om båtplass til dei som er busette i sentrum slik at dei ikkje har trong for parkering. Ein båthamn for vanleg utleige krev mykje parkering og slik ekstra parkering har me ikkje i sentrum. Det viktigaste er at det er sett av store nok områder i sjø.


Vil elles gjera presisera at me framleis ynskjer to etasjar i tillegg til eksisterande på austfløyen. Skal dette realiserast med plass for leilegheiter/servicebustader i sentrum er me


avhengige av å få dette med i planen. Kostnadane tilseier at dette ikkje lar seg realisere utan desse etasjane.

Me vonar at desse positive innspela frå oss kan innarbeidast i planen.

5419 Fitjar den 21.03.2022

Med helsing for Larsen Eigedom AS


Odd Sverre Larsen
Dagleg leiar


Johannes Koløen
Styreleiar